



CUM

M

TUCUMAN

PARAGUARIA

REGIO PAMPARUM  
ita nominata a vallibus  
quae locumant

TIERRA MAGELLANICA  
Hylarum dicitur Chile

Regno Patagonum

Erctum Magellanicum  
discriptum a Ferdinando  
Magellan anno 1492

Falkland I.

M

# Immensum In Parvo, Verda i dine hender

TEKST: INGJERD SKREDE FOTO: ANNE TOVE ØRKE

Den store kula kviler i ei spesiallaga krybbe, og er full av løyndomar. Ja, ikkje bokstaveleg talt. Konservator Chiara Palandri veit nøyaktig kva som skjuler seg bak dei mange laga av pappmasjé og gips, men kvifor ho er her i Noreg, og korleis ho kom hit, er det ingen som veit. – Men vi veit noko om mannen som laga kula. Ho set fingeren på noko som viser seg å heite ein cartouche, eit dekorativt emblem som var vanleg på globusar og kart. På akkurat dette emblemet står det John Senex og 1740.

– John Senex var ein viktig globusmakar frå London, fortel Chiara. – Han begynte som astronom og kartmakar, men var òg gravør, forleggjar, landmålar og geograf for dronning Anne. Ja, og så var han venn av Edmond Halley, du veit han med kometen, ho set dei blå auga spørjande i meg for å sjå om eg følgjer henne før ho held fram, – dei budde begge i Fleet Street. Den gongen var denne gata busett av handverkarar og vitenskapsfolk, og må ha vore ein temmeleg interessant stad å opphalde seg. Da Senex døydde i 1740, tok kona over verksemda. Ho dreiv verksemda til 1755, da James Ferguson tok over.

– Globusane vart ofte laga i par. Ein himmel- og ein jordglobus. Og desse para vart nytta i bibliotek og på båtar. Himmelglobushistorikken er naturleg nok mykje eldre enn historia om jordglobusane. Rett og slett fordi folk jo lenge trudde at jorda var flat.

Vi veit òg at det fanst eit globuspar i Observatoriet på førstninga av 1900-talet. Deretter vart dei skilde, kanskje etter at Observatoriet flytta til Blindern i 1934. Jordglobusen vart flytta til Univer-



Den aller første globusen *Der Erdapfel* vart laga av Martin Bahaim i 1492. Konservator Chiara Palandri fortel at globusane ofte vart laga i par – ein himmel- og ein jordglobus.

**Chiara Palandri** er konservator ved Nasjonalbiblioteket og underviser òg i konservering av kunst på papir ved Academia di Belle Arti di Brera (Milano, Italia).

Ho jobba lenge i Italia med konservering av papir og bøker. I samband med Columbus-jubileet restaurerte ho òg mange globusar. Jordglobusen ho har restaurert for Nasjonalbiblioteket, kan publikum sjå på Nasjonalbiblioteket si kartutstilling «Kompassrosen – orientering mot nord». Her skal han bli vist saman med ein himmeltvilling som vanlegvis står på Universitetet i Oslo.

sitetsbiblioteket på Solli plass, og himmelglobusen til Astrofysisk institutt ved Universitetet i Oslo. Og det er der denne vart funnen.

Ho tappar eit par fingrar lett på globusen.

– Han er laga av pappmasjé. Og for å lage pappmasjeen brukte dei all slags papir. Brev, aviser og den slags. Pappmasjeen vart så dekt av eit tynt lag gips. Jord og himmel vart trykte frå koparplater til papir, og sidan handkolorert og lakkert. Det stod 1740 trykt på globusen, men vi kunne naturlegvis ikkje vere sikre på at dette var produksjonsåret, så vi gjorde mange undersøkingar for å finne dette, og sjølv sagt for å sjå korleis han var bygd, og kva slags tilstand han var i, fortel Chiara.

Globusen har mellom anna vore på universitetet for røntgenfotografering og han har vorte undersøkt med UV-lys og med infraraudt lys.

– Han hadde mange rifter og sprekker og merke etter fall. Spesielt rundt ekvator var han skadd. Papiret og gipsen er svært sårbart materiale, og det skal ikkje mykje røff handsaming til for å skade han. Han har stått ved sida av ein kolonn og den nordlege hemisfæren er misfarga. Han er nok forsøkt gjort rein, for mange land er vaska vekk. Eg har teke prøver av han og funne fiber av sot. Og så hadde han ein mekanisk skade ved Sørpolen. Dette er ein vanleg skade. Chiara tek fram eit bilete som viser globusen i stativet sitt. – Dersom globusen ved uvørden handtering fell ut av stativet,

treffer han underlaget med Sørpolen. Men han var reparert, sannsynlegvis ein gong på 30-talet, seier konservatoren med eit sukk som gjer det tydeleg at denne tidsepoken ikkje er eit høgdepunkt når det gjeld globusrestaurering. – Bulken ved Sørpolen var fylt med gips og måla. Ein globus som dette er eit fint instrument som skal snurre godt i stativet. Han er laga av tynne, tynne lag av papir og gips. Desse laga er ikkje meir enn 1 cm tjukke på ein globus som denne som er 70 cm i diameter. For å avbalansere vekta, la dei inn bly. Ei forskuving av vekta øydelegg balansen.

For å få globusen tilbake i balanse måtte skaden bli opna. Og der inne kunne vi skimte eit brev datert 1727. Kunne globusen vere så gamal? Dette ville vi undersøkje nærare.

Dessverre fann vi ei avis i globusen datert 1767, så eldre enn det er han i alle fall ikkje. Likevel har konservering av denne globusen vore eit heilt spesielt prosjekt for meg. Det inkluderer så mange aspekt både i konservering og historie som femnar om geografi, astronomi, vitskap og ulike handverk.

Chiara klappar litt på kloden, og eg tenkjer at ein og annan klimaforskar sikkert kunne ønskje seg akkurat ei slik ei som henne. Ei som kunne leggje jorda varsamt i stabilt sideleie, reparere gamle skadar og gjere ho klar for nye brukarar.

#### CARTOUCHE:

dekorativt emblem på globusar og kart. Vanlegvis med namnet på globusmakaren, byen globusen er laga i og årstal.



### Immensum In Parvo, the World in your Hands

The enormous globe rests in a specially made crib. It is full of secrets. Well, not literally. Conservator Chiara Palandri knows precisely what is hidden behind the many layers of papier-mâché and plaster, but why and how it got to Norway, nobody knows. The globe was made by the English astronomer and map maker John Senex some time in the 18th century.

Such globes were often made in pairs; one of the Earth and one of the Heavens. And the pairs were used in libraries and on ships. The history of the celestial globes is much more extensive, naturally, than the Earth globes, primarily because of the long held belief that the Earth was flat. This globe was discovered at the Astro-Physical Institute in Oslo. It had the year 1740 printed on it, but of course it was

impossible to know whether or not this was the year of production, and investigations have been undertaken to ascertain this, as well as research into how it was made and what condition it was in. The globe must have been standing next to a coal stove and the Northern hemisphere has suffered discoloration. Attempts at cleaning must have been made in the past, since many countries have been washed away. There was also mechanical damage near the South Pole, which has now been mended. The globe has a celestial twin which stands at the University of Oslo. Palandri is looking forward to seeing these two globes exhibited together at the National Library's exhibition "The Compass Rose - Orienting North»".